

bare slippe ut snøret så får hun ørret!" Flaumane har gjort det slik at elveløpet har endra seg fleire gonger. Vannet har tatt ein annan veg. Før gjekk det så mykje meir nede ved den gamle vegen. Men, når det har vore flaumar nå så har det kome på framsida her. Det har gjort at me har måtte fylla på grus her.

Lenger oppe i åna ligg Øyna. Nå er det kommunen som eig ho. Andreas D. Åmot eigde også der. Der gjekk det sauer og beitte. Det var så greitt, for ein kunne vera sikker på at dei ikkje ville røyma frå

Øyna. Dei blei frakta i båt over. Men, når flaumane sette inn var det mest på livet. Då var det om å få rodd over og berga sauene før flaumen tok dei. Det kunne mest vera på livet.

Seinare hadde son min Siggen sauene sine på Øyna. Men då kunne han køyra dei over med traktor."

Her sluttar me førebels av med Åmot, for å koma tilbake i årsskrifte for 2008.

Gamle kleiva

Svanhild Londal Lervik

*Gamle kleiva
med kvilesteinar
fortel om arbeid
strev og slit,
om dei som gjekk
her med tunge bærer
frå gammalt fram til
vår eiga tid.*

*Gamle kleiva
har sett dei alle
som turka sveitten
på kvilestein.
Dei klaga aldri
var hellar takksam
for det dei bar fram
til hus og heim.*

*På heiegardane
sat det bønder
som odla jorda
frå far til son.
Dei levde nøysamt,
i bronge tider
dei fann ein utveg
dei såg ei von.*

*Nå er kleiva
aud og stille.
Mose dekkjer
gamle spor.
Innover heia ligg
gardar øyde
ingen dyrkar fedrejord.
Kleiva ligg her.*

*Eit minnesmerke
over farne slektar,
skikk og sed.
Fortel ei soge
om liv og lagnad
til ettertanke
for deg og meg.*

Trine Hunsbedt

Av Inger Hunsbedt Grønning

Kjøre mor.

Jeg vil aldri glemme den dagen i mai 2004 da jeg lyttet på Norgesglasset på P1. De skulle kåre Norges vakreste bygdesang, det var sendt inn nærmere 1000 sanger. Fagjuryen hadde valgt ut 3 bygdesanger som skulle være med til finalen. Da hørte jeg Wenche Hunsbedt Svindland synge din sang om Kvinesdal så vakkert. Hun hadde sendt den inn.

Tårene rant og jeg kunne nesten ikke tro det var sant. Følte så sterkt at du var der da! Du ville vært så takknemlig for den fine melodien Sverre Eftestøl hadde laget til sangen din i 1984. Han hadde også sendt sangen inn. Så den 14. mai tidlig om morgenen var Sonja den første som ringte og sa at jeg måtte komme meg fra Stavanger til Kvinesdal, trodde mors sang hadde vunnet. Da er det godt å ha gode venner -, og Bodil stilte med bil, og vi kom fort av gårde. Det var en gylde morgen!

I Liknes var det stor folkefest – flagg til topps og mange folk. Skoleklasser hadde fått fri. Så ble det på P1 kunngjort over høytaler av kulturminister Valgerd Svarstad

Haugland at Kvinesdalsongen var kåret som Norges vakreste bygdesang. Den hadde fått 58,6 % av stemmene og kulturministeren sa det var en verdig vinner. Jeg var med på direktete intervju på P1 sammen med Wenche og Sverre. Det kom også intervju på Sørlandsendingen – dette ble også vist på Norge i dag på TV. Den dagen sang Wenche Kvinesdalsongen – også mannskoret Tjodolf – ja, alle sang Kvinesdalsongen! Den ble også etter dette gitt ut på CD.

Du hadde jo skrevet mye annet før. Du var med i Bondekvinnelaget,



Trine Hunsbedt i ung alder.

skrev prologer, sanger og referater til Agder og Nationen. Kvinesdalssongen kom på trykk første gang i et program for Vest-Agder Bondekvinnelag sitt representantsmøte og stevne 8. juni 1955.

Wenche, som er sangpedagog, er i nær slekt med oss.

Du vokste opp i Gunsteinsli som yngst av 3 søsken, Ellen og Torborg. Du traff far i Ellens bryllup med fars bror Anton. Så er Wenche barnebarn til Ellen og Anton, datter av deres sønn Olav.

Nå vil jeg gjerne trekke fram noen minner om deg mor. Nå har ditt barnebarn, Arve, skrevet om deg før i Kvinesdal Historielag. Prøver å ikke gjenta for mye av det.


Du sa alltid at noen av dine fineste minner fra ungdomstiden var tiden på Voss Folkehøgskule. Du var glad i det sosiale liv der, alt du lærte og ikke minst folkedans, dere skrev nok også en del der. Far døde så tidlig fra oss. Jeg var 3 1/2 år, Ågot som eldst 14 år, du var jo også syk etter far døde og måtte på sykehus. Benene sviktet. Du hadde poliomyelitt som liten, men hadde lite mén etter det. Legene mente at påkjenningen med fars død hadde tatt så mye på deg. Du måtte få noen dyre sprøyter, visste ikke hvordan du skulle klare å betale det. Som Arve skrev var dere ikke i sykekassen, og du måtte betale alt. Du solgte halvparten av en gård vi eide på Haddelandsheia. Far var jo mange ganger i Amerika, sparte på

å ikke være i sykekassen. Du fortalte oss at det måtte vi alltid være. Nå er jo alle det.

Folk klager i dag, den gangen var det ingen form for trygd eller støtte. Vi hadde det som ble kalt "Fattigkassen". Det siste du ville gjøre var å gå dit. Du brukte alle krefter for å klare deg – og du klarte det. Hvordan kan en undres. Du satset på å få gode kyr og ellers klare deg med det som gården kunne gi. Så hadde du også overskudd til å skrive siden, det gjorde du mye om natten. Sender med et bilde av deg som ung, da hadde du tykt krøllet hår. Mistet det etter spanskesyken. Kom aldri over det. Så er det også et bilde av deg som eldre.

Den gangen far døde leide vi ut til familien Rinden. Rinden tok bilde av oss fem søsken etter fars begravelse i 1936. Synes det er så fint med den flotte gården i bakgrunnen. Kristine Rinden var til stor hjelp og støtte for deg etter fars død. Du sa ofte at du ikke visste hvordan du skulle klart den tiden uten henne. Da de flyttet til Snartemo leide vi ut til andre.

Ågot reiste til Stavanger da hun var 15 år for å ta huspost. Gode evner hadde hun, men ikke lett å få råd til skolegang da. I den tiden ble hushjelpene grovt utnyttet, ikke noe fast arbeidstid. Etter noen måneder kom hun hjem, og tok siden jobb i Flekkefjord hvor alt var bedre. Vi andre hjalp til på gården etter hvert. Vi hadde 4 - 5 kyr. Du satset alt på



Barna, fra v.: Ågot, Eli, Oddvar, Tor og Inger. Bildene er utlånt av Inger Grønning.

å få gode kviger du kunne selge. Du meldte deg inn i fjøskontrollen. Da var det viktig å melke samme tid morgen og kveld. Kontrolløren kom uanmeldt, målte melkemengde og fettprosent ble regnet ut fra det. Før det ble henting av melk, kjernet du smør. Du fikk alltid 1. kl. på smøret. Du oppnådde så gode resultater at du gikk helt til topps med "raudkollene" dine. Den ene ble kåret som best på en utstilling i Austerdalen i 1953 for hele Vest-Agder. Moren til denne hadde du tidligere kjøpt, av Martin Fjeld, som kalv. Han hadde gode kyr, som du sa, "fettmolkere" alle hans kyr. Du hadde en søster av den som ble best som du mente kunne bli like god. Du sa i et intervju at kyrne dine var så villige til å melke mye- og overgikk hverandre i

fettprosent. Som dyrlege Westby fra Lyngdal sa: "Hun godsnakker med dem". Ja du var glad i kyrne dine, alle hadde navn. Den kua som vant på utstillingen ble solgt til Jæren, for penger måtte du ha, sa du. Du solgte mange kviger til Jæren, de ble etterspurte, da det alltid ble gode resultater av dem. Husker ofte du satt i fjøset på en krakk om natta når en ku skulle kalve. Ville jo helst ha en kukalv, men noen ganger ble det en "stutepose". Den ble som regel slaktet. Du var utrolig flink til å utnytte alt til god mat. Du var også så flink å bruke krydder. Du hadde alltid mye grønnsaker og var tidlig ute med å dyrke salat. Du lærte oss mye om vitaminer og gode ting som var i frukt og grønnsaker. Folk snakket ikke så mye om det den gangen.

Trine Hunsbedt godt voksen.



var, husker ikke hva du svarte. Vi hadde ikke radio og fikk sitte inne hos Rinden for å høre. Var litt spennende og mystisk, var jo blendet for vinduene og en rar stemning. Siden måtte jo alle levere inn radioene og vi fikk først radio etter krigen. Selv om jo krigen var en fæl tid, var det også en tid med godt samhold. Vi gledet oss over små ting og delte med hverandre. I begynnelsen var det vanskelig å få brødet til å strekke til når en skulle leie inn arbeidsfolk. Så ble det mye bedre da vi fikk malt korn på en mølle oppe i dalen. Glemmer aldri det gode brødet du lagte og du ga skiver til mange.

Det var mye "farende" folk langs veiene, du ga alltid skiver til dem. Ellers lærte du meg alltid å by folk på mat når det kom besøk. Det kom noen fra Fjotland da du ikke var hjemme. Du likte ikke at jeg ikke hadde budt dem på mat og kaffe. Som du sa: "Det er alltid lefser på loftet".

Så kom det en dag en elendig, tynn mann som ba så inderlig om å få kjøpt noen egg. Du syntes synd på han og han kjøpte noen egg av deg til vanlig pris. Da du hørte at han hadde solgt dem til svartebørspris ble du ganske sint!

Det var mye folk hos oss i den tiden. To greie arbeidsfolk bodde på kvisten. Så var det evakuert en familie fra Tvedestrand. Mye lått og

Du likte ikke når det var sterk vind. Da sto du ute i løa om natta og nesten holdt på taket for at det ikke skulle fye av! Så var det et strev når vannet frøs. Måtte som andre til elva for å hugge hull og bære vann til dyra. Var glad om ei ku drakk bare ei bøtte! Så var det en kvige som falt ned på Haddelandsheia. Den fikk slagskade, men var i live, og ble slaktet. Likevel fikk du bare pris som dyrefor for denne. Det kom du ikke over. Hadde lite inntekter, så for deg var det vondt. Du sa ofte at heldig var de som hadde en fast inntekt, men du tenkte alltid på de som hadde det verre enn deg.

Må fortelle litt fra krigen. Du var og vasket klær i elva. Spurte hva krig

løye var det. Kan alltid huske hvor mye du lo den tiden.

Husker godt første gangen det kom tyskere på husundersøkelse. Det var 10 -12 stk. og jeg hørte de kom ridende. Det var midt på natten. Jeg lå da i kammerset sammen med deg mor. Trodde vår siste time var kommet og ba Fadervår! Så kom de inn, satte seg i stua for å spille kort! Da gikk vi opp i 2. etasje. Glemmer ikke da vi så Oddvar i hvit underbukse snikende med et gammelt haglegevær. Så jo ut som han hadde tenkt å angripe, så var det for å gjemme det - det var da også helt ubrukelig!

Tyskerne forsvant om morgenen. Da hadde de lagt igjen de småpengene de hadde! De skulle nok gått på husundersøkelse hele natta! En annen gang kom noen som gikk over hele jordene med søker. Vet ikke hva de lette etter, fant iallfall ikke noe. Så var det på slutten av krigen at det kom en offiser og to pur unge soldater på husundersøkelse. De unge (barn nesten) ville gå med søker rundt i huset. Offiseren ristet på hodet. Han satt ved spisebordet, husker han klapet meg på hodet. De unge guttene satte seg til å spise på hver sin harde brødsalk. Det var da du gikk ut for å smøre gode skiver til dem. Som du sa: "Dette kunne vært mine gutter!" Du så jo tidligere temmelig nervøs ut. Vi hadde nemlig en fin rifle etter far, gjemt under panelet på øversteloftet. Den ble ganske raskt gravd ned i skogen neste dag!

Ellers oppførte tyskerne seg fint når de kom på husundersøkelse.

I 1948 reiste Oddvar til sjøs som radiotelegrafist. Det første han gjorde, nå som han tjente, var å sende penger så du kunne kjøpe elektrisk komfyr – en KPS med magasin. Dette var til stor hjelp, og du ble så glad. Magasinet var som et stort lokk over en plate og kunne stå på svak varme hele døgnet. Varmet litt. Disse komfyrene varte jo nesten evig!

Vi hadde ikke hest, krevde for mye for. Så vi lånte hesten av Jakob Jerdal, så var Tor med å hjalp dem igjen. Eli var gift og hadde barn, hun kom likevel hjem for å hjelpe i slåttonna. Hun var en racer til å høsje!

Husker at du også var så rettferdig. Da vi fikk de første sjokoladerasjonene etter krigen, delte du likt til oss alle. Så kunne vi velge om når vi ville spise det. Tor og jeg gjemte våre rasjoner i hver sin lille trekiste. Tok de fram hver kveld for å lukte på det. Om vi begynte å spise ville nok alt gå med! Vi klarte å gjemme alt til julaften!

Du reiste ellers til Liknes hver uke for å handle. Da hadde du alltid på deg fin kåpe og hatt. Stelte ellers fars grav så fint. Når du kom hjem var det alltid litt fest. Du kjøpte med litt kjøpegodt, sardiner, pålegg og annet. Du hadde alltid en nydelig hage, likte å ha det ryddig og fint overalt. Tok også alltid inn slåmaskin og annet redskap så det ikke

skulle ruste. Vi måtte jo leie inn arbeidsfolk til det vi ikke klarte selv, og du stelte godt med dem og. Likte å følge med oss i skolearbeidet. Satt om kveldene og likte å løse vanskelige regneoppgaver vi hadde. Du stelte så godt med oss, og fikk oss aldri til å føle oss fattige.

Du ble veldig syk i 1952. Fikk tarmslyng med fæle smerter. Harald Hansen kjørte drosje i rekordfart til Farsund sykehus. Jeg var med. Du måtte ha en stor operasjon, fjernet en del av tarmen og helsa ble ikke den samme etter dette. Fikk også tilbakefall.

Jeg sa alltid at om jeg fikk ei jente skulle hun hete Trine. Du likte ikke navnet ditt så godt og ville heller jeg skulle kalle henne Tone. Jeg var helt bestemt, Trine ble det! Du fikk nå oppleve at jeg fikk ei jente til og det ble Tone.

Du valgte å flytte på Kvinesdalheimen i 1966. Der fikk du med møbler og kjære ting fra Hunsbedt. Du likte deg så godt der, skrev mange referater fra heimen - turer, fester og tilstelninger dere hadde. Du syntes alle var så greie. Kom tilbygg til heimen sommeren -69 og da ble det plass til 41, tidligere var det bare 20. Du syntes du hadde det så godt, takket kommunen og alle som arrangerte turer. Skryter av lærer Ryen og alle andre som underholdt og stelte til alt. Så skriver du at nå er trygda nok til å betale for seg, iallfall de som kunne gå oppe.

De som eide noe kunne bruke det som de ville, de som ikke eide noe fikk lommepenger av kommunen. Du er glad at det er en så fin heim og ei lukka å få være der! To sykesøstre, bestyrerinne og all betjening var så greie. Dere fikk se på TV, og mange av dere hadde et håndarbeid å holde på med. Du hadde aldri hatt noe å klage på og du skrev også mye den tiden.

I alle år jeg var hjemmefra skrev vi brev til hverandre hver uke. Sånn har vi hatt så god og fin kontakt i alle år. Jeg føler enda at du er med meg hele tiden. I hodet mitt ligger mange kloke ord fra deg som har hjulpet meg mye. Som du sa: "Du klarer mye hvis du må!" Gode ord å ta med når livet butter mot. Tror likevel aldri jeg ville klart det du gjorde for oss.

Du ble syk igjen i 1971. Kom til sykehuset i Flekkefjord. De kunne da ikke operere - du var for svak. Jeg var heldig å få være hos deg på sykehuset de siste dagene. Du var klar, og vi fikk snakket mye sammen. Du var helt våken, den dagen du døde, 20. august 1971 - 74 år gammel.

Oddvar og jeg holdt deg i hver sin hånd. Du følger alltid med meg.

Med Kvinesdalsongen har du gitt oss et minne som lever videre for oss alle!

*Din yngste datter Inger
(som nå er 74 år)*

«På høge hei ein dag eg stod.....»

Av Sven Gerhard Hunsbedt

Slik byrjar Trine Hunsbedt diktet som seinare skulle bli Kvinesdalsongen. I 2004 blei songen kåra til den vakraste bygdesongen i Noreg. Men kor var det Trine stod då ho omlag 50 år tidlegare blei så inspirert av utsynet at ho etterpå skreiv dette vakre diktet? Av Randi (78) og Einar Solås (85) får me høyra om denne sida av Kvinesdalsongen.

Når ein ser på coveret til CDen med Kvinesdalsongen kan ein bli usikker. Stod ho på Utsikten, tru? Denne artikkelen viser at Trine **ikkje** stod på Utsikten, men ein stad på Bormedalsåsen. Utsynet frå Utsikten, som ho kjende vel til, dreg ho inn i diktet i tredje verset. Men utgangspunktet, ideen, inspirasjonen, det som utløyste det heile, er det storlagne utsynet ho hadde frå Bormedalsåsen, ovanom garden der ho budde. Dette var Trine sitt nærrområde, og som me snart skal sjå var det nærrområdet og dagleglivet som inspirerte Trine.

Bormedalen er ein trong, liten dal, omlag 500 m lang. Han strekk seg frå utmarka i Hunsbedt og endar på Solåsmyra. Bormedalsåsen ligg på vestsida av dalen og er omlag like lang som denne, 326 m over havet på det høgaste. Går ein på denne åsen frå Solåsmyra og nordover

(nedover), vil ein sjå at det til å byrja med ikkje er så fint utsyn over sjølve dalen, heller hei på hei så langt auga rekk. Men etter kvart blir det brattare, og ettersom ein kjem nedover, opnar dalen seg og utsynet blir storslått. Dette utsynet passar som hand i hanske til første verset i diktet. Ein ser dalbotnen med Moi-sletta og omkringliggjande gardar omkransa av nutar. «Nutar rundt i ring» bokstaveleg tala. Ein ser også rett ned på enga, garden og huset som var Trine sin heim.

For å skjønna meir nøyaktig kor Trine stod, må ein kjenna litt til bytet mellom gardane. Einar og Randi åtte gnr. 63 bnr. 1 (63/1) og Trine gnr. 99 bnr. 2 (99/2). Beste kartet i denne samanheng er **Økonomisk kartverk AW 008-5-2 Jerdal**. Her ser ein tydeleg Bormedalen, Bormedalsåsen og grensene til gardane 63/1 og 99/2. Desse to bruka har eit felles grensepunkt nokså langt nede i Bormedalen.

Ut frå opplysingane Randi Solås kjem med, kan ein ikkje seia heilt nøyaktig kor på Bormedalsåsen Trine stod. Studerer ein topografien i det aktuelle området, er det likevel eit par spesielle punkt som peikar seg ut. Forbi det nederste av desse går det ei godt merka turløype frå



Ein del av utsynet frå Bormedalsåsen som inspirerte til Kvinesdalsongen. Trine sin heim nede til venstre ved Hunsbedtbrua.

Buvollen. Her går ein bokstaveleg tala nesten i Trine sine fotefar. Går ein vidare frå dette spesielle utsiktspunktet mot toppen, kjem ein snart inn på resten av løypenettet. Ein kan då gå til Solås eller Skaren/ Golfbanen eller ein kan gå ned att ei anna løype til Tvøråsen/ Sarons Dal.

Me spør Randi:

- *Kjende du Trine godt?*

- Ja, eg kjende Trine ganske godt.

Eg blei først kjend med henne då eg arbeidde på Handelslaget i Neset. Ho var så omgjengeleg og grei og likte godt å slå av ein prat. Me hadde også felles interesser ved at me begge dreiv gard og hadde kyr.

- *Det var på eit møte i Bonde-*

kvinnelaget at du fekk greie på kor Trine stod då ho blei inspirert til å skriva det som seinare skulle bli Kvinesdalsongen?

- Ja, det stemmer. På møtet blei Kvinesdalsongen framført første gongen. Etter møtet kom Trine bort til meg og fortalde om dette. Det verka som om det var viktig for henne å seia til meg at ho stod på Bormedalsåsen då ho fekk inspirasjonen.

- *Kva var det ho sa?*

- Det hadde seg slik at ho ein fin sommardag skulle henta kyrne til mjølking, men dei hadde komme seg lause. Ho trudde dei hadde teke opp Bormedalen. Ho følgde då vegen opp Bormedalen på leit etter

kyrne. Då ho var komen eit stykke inn på vår eigedom, tok ho ein avstikker ut på Bormedalsåsen for å kvila. Det opna seg då eit utsyn over dalen, nutane og fjella som overvel- da henne sterkt. Naturopplevinga gjorde så sterkt inntrykk at dette måtte ho skriva om! Skrivinga gjorde ho nok ikkje der og då, men seinare, etter kveldstellet.

Men ideen kom til henne der på Bormedalsåsen.

- *Kva hende vidare?*

- Då eg kom heim frå møtet i Bondekvinnelaget den kvelden, fortalde eg til Einar kva Trine hadde sagt. Me har aldri vore i tvil om at det var Bormedalsåsen Trine fortalde om. Sidan har me vore der mange gonger. Me har teke med

oss mat og drikke og har sete og nytt det flotte utsynet.

- *Kunne Trine sjå Øyesletta og Fedafjorden frå denne åsen?*

- Nei, det kunne ho ikkje. Men ho såg lenger enn me kan i dag, fordi det har vakse opp så mange høge tre. M.a. planta me ein granskog der for omlag 50 år sidan. Han er blitt stor og gøymer mykje av utsynet nedover.

- *Likevel skriv Trine om Øyesletta og fjorden?*

- Ja, men det var ting ho trekte inn i skrivinga etter kvart. Ho utvida og brukte erfaringar etter kvart som skrivinga gjekk framover. Til slutt femner ho om heile Kvinesdal (og vel så det!) idet ho skriv om Kvina

Bormedalen sett frå Hunsbedtbrua. Bormedalsåsen til høgre for dalen.





Randi og Einar
Solås.
Foto: Forfatteren

som kjem frå «høgan hei» (der Kvina har kjelda si?) og seinare «der hav og himmel går i eitt» (eit stykke ute i Nordsjøen). Det er umogleg å sjå alt ho skreiv om frå ein stad. Det som er viktig å få fram, er at det heile starta på Bormedalsåsen.

Til no er det helst Randi som har hatt ordet, men under samtalen kom det fram ein del interessante opplysingar om Bormedalen, og då var det Einar som fortalde:

- Det var ein gamal ferdslveg gjennom Bormedalen. Ingen god veg, meir ein gang- og rideveg. Både folk og fe nytta han i tidlegare tider, men no er det meste grodd igjen. Her var ei tolleg lett opp – og nedstiging og det var ein del trafikk her i den tida då mykje av trafikken gjekk aust/ vest, på tvers av dalføra. Men her var og lokaltrafikk. Ungane på Solås gjekk ned Bormedalen når dei skulle besøkja ungene i

Hunsbedt og når ungdommane på heia skulle på Kvina Ungdomslag, gjekk dei Bormedalen. Det var mykje meir samkvem mellom heiegardane og Austerdalen før i tida. Eg vil også fortelja om ei hending eg hugsar frå då eg var liten (ca. 1930). Ein dag kom det ein mann syklande langs sørlandske hovudveg. Han kom heilt frå Kristiansand. Då han kom til Solås, hoppa han av sykkelen og slengde han over gjerdet. Så forsvann han innover Solåsmyra og ned Bormedalen. Han kjende tydeleg til denne snarvegen.

For spesielt interesserte kan me til slutt nemna at det i **Fjotland gards- og ættesoge** s. 571 er eit interessant bilete av Trine. Ein kan også få eit glimt av Trine som ung jente på s. 393 i **Kvinesdal-bilder Bind 2**. Elles kan ein leggja merke til at Kvinesdalsongen er attgjeven i **Fjotland lesebok** på s. 39 ff. Denne boka er utgjeven i 1964. Her manglar andre verset.

På realskulen under andre verdenskrigen

Eit tidsbilete

Av Anstein Dyrli Lohndal

Skuletrøytt

Då eg var konfirmert hausten 1940, rekna eg det som sjølv sagt at meir skulegang enn dei pliktige sju åra kom ikkje på tale. Det siste året hadde eg berre så måteleg funne meg til rette med skulearbeidet, særleg fordi mykje av tida gjekk til repetisjon og terping på fagstoff som eg hadde vore gjennom fleire gonger før. Men i ein to-delt skule med fire årskull samla i eit klasserom var det uråd å organisera lærestoffet annleis enn at dei eldre årskulla måtte vera tilhøyrarar når dei yngre fekk undervisning. Rett nok var slik påhøyring god repetisjon av det ein sjølv hadde gått gjennom tidlegare og såleis ikkje utan pedagogisk verdi. Men det kunne vera noko trøytande i lengda å høyra om same emnet gong etter gong.

Gardsarbeid og samtidsorientering

Etter konfirmasjonen blei eg verande heime i Dyrli og dagane gjekk med vanleg gardsarbeid. Utanom dette dreiv eg vedhogst saman med far min i det bratte fjell- og skogsterrenget nedover mot

Kvina og Guseviga. Det var tungarbeid å transportera stokkane med handemakt nedover urar og ulende til sjøen, kjøra dei med hest og slede over isen til Øysandbua, og så stå der i dagevis og saga, kløyva og til sist mæla opp veden. Våren 1943 hadde me over 50 mål bjørke- og ospeved ferdig. Salsprisen var 40 kr. pr. mål. Eg fekk ikkje dagløn, men hadde som andre heimeverande kost og husrom. Generasjonen føre meg hadde vakse opp under hardare vilkår. Farbror Andreas (Londal) tente som tolvåring om sommaren på Håland, grannegarden til nere Londal. Dei to neste somrane var han i Rørvik. Far min blei tenestgut på Åse hos Jens på Kleiva sommaren 1912 då han var 13 år, og året etter på Londal (øvre). Arbeidsdagen var frå kl. seks om morgonen til seine kvelden. Så eg hadde det godt og fritt som kunne vera heime, tykte eg. Andre alternativ hadde eg i røynda ikkje heller. Det var nok godt betalt arbeid å få på tyske anlegg, men til det var eg for ung. Nokre kroner tente eg likevel på snorefangst om haustane. Anna Mydland kjøpte alt det eg

fekk. Men mange kronene blei det ikkje.

Eit par gonger om året kom det båtar inn til Lerviga og lasta tremasse, og då eg var 15 år, møtte eg ned der og fekk arbeid med å trilla ballar frå lagerbua og ut på kaien. Timebetalinga var kr. 1,10 og lastinga av båtane tok omlag tre arbeidsdagar. Det kom derfor mykje pengar i løningsposen - mest 30 kroner etter ein slik innsats. Dei måtte eg bruka til noko nyttig, sa foreldra mine, men eg lurte meg likevel til å kjøpa litt lesestoff når eg gjekk til dals og handla.

For om eg var blitt grundig lei av skulegangen, så var likevel ikkje lesehugen knekt, tvert i mot brukte eg mykje av fritida til å lesa. Av kjenningar fekk eg låna vekeblad og ein og annan kriminalroman. Men det baud på problem å få nok lesestoff på denne måten.

Me hadde fått radio hausten 1939, og då var det ei ny og spanande verd som opna seg for meg i tillegg til leseopplevingane. Forutan dagsnytt og vërmeldingar høyrde eg på utanrikskronikkar, foredrag om mange slags emne, musikk og underhaldningsprogram. Men radioen vår gjekk på batteri, og dette måtte det sparast på mest mogleg. Ikkje så få interessante program fekk eg derfor ikkje høyra. Frå føresommaren 1940 blei radioen det gildaste me hadde. Då sat me kvar kveld og høyrde på sendingane til det okkuperte Noreg frå BBC. Innleveringa av radioapparata i

august 1941 var derfor ei trist oppleving.

Men far min greidde å finna att radioen vår då han ei myrk haustnatt låste seg inn i det nedlagde skulehuset på Øya, der lensmannen hadde lagra alle radioapparata frå heile bygda. Fleire gjorde forresten det same som han. Dermed hadde me tilgang til dei norske sendingane frå BBC under heile krigen og eg kunne halda meg godt orientert om dei store og dramatiske hendingane ute i verda. I tillegg til radioen var det leseinteressene som gav dei fyrste ungdomsåra mine innhald og mening. I ettertid har eg skjønna at dei var ei avgjerande og viktig morgnings- og oppvakningstid i livet mitt.

Frå 10-årsalderen hadde "Arbeidermagasinet" vore kjær lesnad, endå mor mi meinte dette var eit "stygt" vekeblad, som eg ikkje burde lesa. Men heldigvis blei det ingen sensur. Hausten 1939 tinga eg "Ukens Nytt", landsutgåva av Aftenposten. Denne kom ut tre gonger i veka og inneheldt mange slags stoff: utanriksreportasjar, kronikkar, kommentarar, mykje bilestoff, dessutan noveller og ein spanande kriminalføljetong. Denne avisa var noko heilt anna enn "Agder" med sine fire sider tre gonger i veka, og utan eit einaste bilete. Dessutan var "Ukens Nytt" svært rimeleg å halda.

Men sommaren 1940 slutta Aftenposten med utgjevinga av dette bladet, og det var eit stort sagn for meg. Den tyske sensuren stoppa dessutan "Agder", men me

tok då til å halda "Flekkefjordsposten", som i motsetnad til redaktør Ingvald Seland i "Agder" fylgde dei retningslinene okkupanten tvinga på alle norske aviser.

Det var nokonlunde samtidig at eg blei kjend med Ræders "Verdenshistorie for Middelskolen". Denne læreboka hadde ein slektning av mor mi brukt då han gjekk på middelskolen i Stavanger. Det var ei spanande bok, innhaldsrik og pedagogisk/fagleg godt lagt til rette for ungdom. Eg las ho fleire gonger og fekk dermed ei god innføring i verdshistorie, noko som stimulerte den interessa eg like frå barneåra hadde for historie, og som også kom meg til nytte under seinare skulegang, ja innverka på mitt val av livsyrke.

Folkebiblioteket – ei gullgruve

Men endå eg budde avsides med lang veg til "sivilisasjonen" nede i dalen, fanst det eit kulturtilbod som var lett tilgjengeleg. Det var den offentlege bibliotektenesta i bygda.

Vinteren 1941 var eg ein dag innom posthuset på Øya i eit vanleg ærend. Der la eg merke til eit skap med glasdører, fullt av bøker. Eg tok mot til meg og spurde postopnaren, Mathias Rørvik, om dette var bøker til utlån, og han svara ja, her var folkebiblioteket for Øye-krinsen. Kunne eg få låna, var neste spørsmålet, og det kunne eg - utan at det kosta noko ting. Då var det ein lukkeleg låntakar som tok til å studera boktitlar og straks såg mange interessan-

te bøker. Dermed var det opna ei ny og spanande kjelde til litterære opplevingar. Eg las i tida som fylgde romanar av forfattarar som Mikkel Fønhus, Arthur Omre, Elias Kremmer, Jakob B. Bull, Alexandre Dumas (Romanane Greven av Monte Christo, De tre musketerer) og ein del andre eg i dag ikkje minnest namnet på bortsett frå ein: Sigurd Johnsen, som var kvindøl og hadde gjeve ut tre ungdomsromanar på Lunde Forlag, Bergen.

Seinare blei eg låntakar ved Sentralbiblioteket for Agder i Kristiansand. Eg fekk tilsendt boklister og kunne ta mot og senda bøkene i posten. Heilt gratis var ikkje utlånet ikkje, ein måtte betala returporto. Av bøker derfrå var det helst faglitteratur eg lånte, bl. a. større historieverk - som eg knapt hadde føresetnader for å ha særleg utbytte av. Men truleg fall ikkje alt på steingrunn.

Lesing blei det sjølv sagt ikkje så mykje tid til som eg kunne ynskja - det daglege arbeidet ute dagen lang måtte sjølv sagt ha prioritet så sant vëret tillet det, sommar som vinter. Så langt om "kviletida" mi etter konfirmasjonen.

Sjølvsstudium og tankar om skulegang

I vekeblada kunne me desse åra sjå store annonsar frå brevsular, eller "korrespondanseskole," som dei kalla seg. Ved sida av det store tiltaket Norsk Korrespondanseskole som tilbød eit breitt fagspekter,

voks det fram ein heil del mindre brevsular med kurs til rimeleg pris. Ein trong berre folkeskulen som studiegrunnlag, og kostnaden var liten, så vidt eg minnest berre 40 kroner pr. kurs utanom lærebøker. Sjølv sagt blei det understreka i desse utlysingane kor viktig det var å bruka fritida til å skaffa seg kunnskapar og faglege kvalifikasjonar.

Hausten 1942 melde eg meg som elev ved Astra Brevskole i faget *praktisk rekning*. 20 brev skulle eg senda inn med oppgaver til retting. Desse var henta frå to oppgavesamlingar med aukande vanskegrad. Kvart brev gav tilvising på kva oppgaver eg skulle løysa og senda inn til Oslo, og desse kravde mykje arbeid. Dei retta svara kom attende med karakter og korrigerings av feil. Eg sakna likevel rettleiing på førehand - særleg eksempel på *korleis* dei ulike oppgavetypane skulle løysast. På slutten av kurset blei oppgavene vanskelege, og då søkte eg rettleiing hos læraren i krinsen vår, Adolf Vatland. Ein og annan haustkveld gjekk eg med parafinlykta i neven til Dyrstad (omlag fire kilometer) der han budde, og så forklarte han framgangsmåtar og gjorde merksam på finurlige ting i oppgavene. "Her må me vera lure", sa han når oppgåva inneheldt eit intrikat problem. Ein del av desse rekneoppgavene kravde både mogning og omtanke, det var ikkje nok med innøvde rekneteknikkar. Eg trur elles ikkje at utbyttet av kurset stod i høve til arbeidsinnsatsen min.

Ein vinterkveld som eg sat under parafinlampa heime og rekna, sa mor mi: "Du sko ha gjenge på realskulen i Neset". Meir skulegang? Det var ein tanke som aldri før hadde streifa meg.

Eg hadde sjølv sagt høyrte at det var sett i gang ein to-årig realskule i Neset, og visste at nokre av dei eg hadde gått saman med for presten, gjekk på denne. Dessutan hadde eg eit syskenbarn i Flekkefjord, Solveig Dyrli, som var elev ved den tre-årige middelskulen der. Av henne fekk eg høyra at dei lærte tysk og engelsk, matematikk, historie, geografi og realfag. Leksene var så dryge slik at ho måtte sitja og lesa heile kveldane. For meg høyrdest ikkje dette så avskrekkande ut. Å kunna bu heime og gå på realskulen måtte vel heller vera eit privilegium, tykte eg.

Eg vil på realskulen

Når tanken om å gå på realskulen i Neset for alvor vakna hos meg, kan eg ikkje tidfesta. Sant å seia hadde eg frå barneåra høyrte om kor viktig utdanning var. Mor mi hadde gått både på fylkesskulen i Kvinesdal og Jæren folkehøgskule i si ungdomstid. Ho fortalde av og til om alt dei lærte der, og om kor gildt skulemiljøet hadde vore. Yngste bror hennar, Oskar, hadde gått underoffisersskulen i Kristiansand og seinare teke handelsgymnasium som privatist, og mor mintest stundom korleis han måtte streva for å få seg utdanning. Eg vil såleis tru at impulsar i heimemiljøet har noko av æra

for at eg kom på realskulen, men også mine boklege interesser spela inn. Avgjerande var likevel at ein privat to-årig realskule var etablert i Kvinesdal hausten 1941. Utan dette tilbodet i heimbygda hadde eg sannsynlegvis aldri fått nokon vidaregående utdanning, og det gjeld truleg også for mange andre ungdommar på min alder.

Våren 1943 var avgjerda teken. Eg ville gå på realskulen frå hausten av og ta eksamen våren 1945. Då måtte eg flytta heimanfrå og bu på hybel i Neset desse to åra, og det ville bli store utgifter til hybel, skulepengar, mat og bøker. Rett nok skulle eg få poteter, ymse matvarer og brenneved heimanfrå, men det strekte sjølv sagt ikkje til. Løysinga

blei å ta opp eit banklån dersom eg fekk plass på realskulen.

Tidleg på sommaren gjekk eg til dals og ut til Ydre Eigeland, der styrraren for realskulen, Ragnar Kvam, budde i det gamle huset til Nils Nilsen senior (nå rive). Han tok vel mot meg, men sa at eg måtte levera vitnemål frå folkeskulen, og la til at det kan henda måtte haldast opp-taksprøve, for her var mange ungdommar både frå Kvinesdal og Fjotland som ville gå på realskulen, hadde han høyrte. Med denne informasjonen drog eg heim att. Men å skaffa vitnemål var problematisk. For me hadde ikkje hatt nokon eksamen i folkeskulen, og fylgjeleg kunne eg ikkje leggja fram noko vitnemål i det heile. Men eg skreiv av



Fotografi av "Tingstova" i Liknes

Utlånt: Kvinesdal Fotoklubb.

karakterane mine for siste skuleåret, fekk krinsformannen til å attestera at avskrifta var korrekt og sende denne til skulestyraren.

Opptaksprøve

Men dette arbeidet synte seg å vera til lita nytte, for ut på sommaren kom det brev frå realskulen med innkalling til opptaksprøve i midten av august. Faga var norsk stil, rekning, grammatikk og norsk historie.

Ein måndags morgon stilte eg så opp utanfor Tingstova i Neset saman med ein stor flokk ungdom, som eg berre kjende få av. Me fekk plass i fyrste høgda der to klasserom var slegne saman. Kor mange aspirantar me var alt i alt, veit eg ikkje, truleg over 40.

Etter ei orientering av skulestyrar Kvam tok prøva i norsk stil til. Stiloppgåva var *Heimbygda mi*. Tilleggsprøva i grammatikk kravde analyse av fylgjande periode: *Då gutane kom frå skogen, hørde dei eit stort brak*. Oppgåva gjekk ut på å setja rett namn på dei to setningane, finna setningsdelane i begge (dvs. subjekt, predikat, objekt, kompliment osv, og til sist gjera greie for ordklassane (dvs. substantiv, verb, adjektiv, pronomen) og visa bøyingsmønster.

Eg hadde ikkje lært fagtermar som substantiv, adjektiv, verb osv., for i folkeskulen på Dyrstad sa me *namneord, eigenskapsord, gjerningsord*. Men eg kom nå heilskinna frå analysen likevel.

Dagen etter hadde me praktisk

rekning med oppgåver frå folkeskulens lepenum. Siste dagen var det skriftleg prøve i norsk historie. Oppgåva lydde: *Fortel om Olav Haraldsson (Olav den heilage)*. Dei to fyrste dagane kunne me sitja 5 timar, siste dagen fire.

Til sist fekk me vita at opptakslista skulle bli kunngjort same staden eit par dagar seinare. Den dagen rådde det spaning og nervøsitett mellom oss, for berre 30 kunne få plass i fyrste real. Opplesinga av namn og karakterar fylgde prinsippet: dei beste fyrst. Det vil seia dei som hadde fått fullt hus: fire mtf, blei nemnde fyrst, så kom dei med tre mtf og ein tf, der etter dei med to mtf og to tf. osv. Mitt namn kom nokså snart, for eg fekk to mtf og to tf. og det var eg godt nøgd med. Nå hadde eg i alle fall kome gjennom nålauga. Kor mange det var som ikkje nådde opp, fekk me aldri vita.

Etter at spaninga var utløyst, fekk me utvalde 30 pålegg om å møta fyrstkomande måndag i lokalet til pinsevenene. Dette låg berre eit steinkast frå Farbruna. Dermed skulle eit nytt avsnitt av livet mitt ta til, bu på hybel og råda meg sjølv.

Møtet med skulen

Fyrste skuledagen møtte me lærarane i tur og orden og fekk diktert timeplan. Olav Høyland senior skulle ha norsk, religion og teikning, Johan Eggen matematikk, fysikk, botanikk, samfunnsrekning og geografi, og Ragnar Kvam tysk, engelsk og historie. På grunn av dei van-



"Pinsevenlokalet" ved Farbrua stend endå, men det er nå i privat eige og er bygd om til vanlege husvære.
Foto: Johannes Hamre.

skane som okkupasjonen førte med seg, hadde Kyrkjedepartementet redusert fagkrinsen for to-årig realskule. Fag som skriftleg sidemål, bokføring, kroppsøving og sløyd/handarbeid var ikkje med i fagkrinsen. I verdshistorie gjekk tida etter 1870 ut. NS-styret ville ikkje at norske elevar skulle læra om korleis demokratiet i Tyskland og Italia blei øydelagt av diktatorane Mussolini og Hitler!

Undervisningstida var 36 timar pr. veke - seks timar dagleg frå 9 til 15, men me slapp ettermiddagsskule slik som mange andre høgare skular måtte finna seg i. Lokalet til pinsevenene var stort og lyst, med rike-

leg plass til 30 elevar. Pultane høyrde til Kvinesdal fylkesskule, som måtte innstilla fordi tyskarane konfiskerte bygningane til denne. Kvar pult hadde plass for tre elevar, og det var uvant for oss. For dei fleste folkeskulane i bygda hadde anten tomanns- eller einmannspultar i slutten av 1930-åra.

Me visste at realskulen kravde mykje arbeid. I einskilde fag som matematikk og tysk var det lettast å stryka, og sidan realskulen i Kvinesdal var eit privat tiltak, måtte elevar ta eksamen i alle faga, skriftlege og munnlege. Berre skuler med eksamensrett fekk bruka standpunktteknikk, noko som sterkt

Hunkjønnsordene blir ikke bøyd i entall; i flertall går de svakt, og får en eller n.
Unntak: Noen av hunkjønnsordene får e (og omlyd) i flertall; de viktigste er:

Entall.	Flertall.
die Ägt	— die Ägte, oksa
die Bank	— die Bänke, benken
die Braut	— die Braute, brura, bruden
die Brust	— die Brüste, brystet
die Hand	— die Hände, neven
die Frucht	[frukt] — die Früchte, [fructo], frukten
die Gans	— die Gänse, gåsa
die Grube	— die Gräbe, (grav)hvelvingen
die Hand	— die Hände, handa
die Haut	— die Häute, huden
die Kluft	— die Klüfte, klosita
die Kraft	— die Kräfte, krafta
die Kuh	— die Kühe, kua
die Kunst	— die Künste, kunsten
die Luse	— die Läuse, lusa
die Luft	— die Lüfte, lufta
die Macht	[makt] — die Mächte [mæcto], makta
die Magd	ma:kt] — die Mägde, [me:kdo], tjenestjenta'
die Maus	— die Mäuse, musa
die Nacht	— die Nächte, natta
die Naht	— die Nähte, sømnen (på klær)
die Nuss	— die Nüsse, nøtta
die Schnur	— die Schnüre, snora
die Stadt	— die Städte (/teto), byen
die Wand	— die Wände, vegg
die Wurft	— die Würfte, pølsa

reduserte eksamenspresset. Der slapp elevane med munnleg prøve i eitt fag utanom dei skriftlege faga.

Undervisninga blei styrt i detaljar. Det var heimelekse i alle fag, og faste dagar med skriftlege prøver på skulen. Norsk stil hadde me to av i månaden, helst som heimearbeid, men i tysk, engelsk og matematikk var det skriftleg prøve i dobbelttime under streng kontroll kvar veke. I munnlege fag var det leksehøyring og elles klasseeksaminasjon. Då måtte den som blei høyr, reisa seg opp medan han gjorde greie for emnet det galdt. Denne rutinen var me alle vel drilla i frå folkeskulen og såg ikkje negativt på metoden - tvert i mot - då kunne eleven få

Eit eksempel på unntak frå hovudregelen om bøyinga av tyske hokjønnsord. Denne ordgruppa lærte me utanboks, og eg kan framleis ramsa ho opp.

Frå Jakob Løkke: Tysk grammatikk. 1939. Alle tyske ord i denne prenta med gotisk fraktur. Denne skrifttypen hadde ein del av oss lært i folkeskulen.

dokumentert kunnskapane sine og oppnå god karakter på prestasjonen. Men situasjonen var ikkje fullt så hyggeleg om eleven hadde førebudd seg for lite.

I språkfaga lærte me bøyingsmønstre, reglar og gloser utanboks og kunne briljera med mykje fakta. Men praktisk bruk av faktakunnskapar krev innsikt, omtanke og mogning. Det opplevde eg sjølv i tysk. Heile fyrste året lærte eg grammatikken på rams med alle sine reglar og talrike unntak frå desse, men greidde i fyrste omgang ikkje å bruka teorien ved utforminga av skriftlege oppgåver, og tykte lenge eg hausta små frukter av den harde innsatsen. Men så kom gjennombrøtet andre året. Då endra det rigide grammatikkssystemet seg som ved eit under til ein føyeleg og tenleg reiskap for tanken når eg skreiv attforteljing på tysk eller omsette tekst frå norsk til tysk. Så pugginga og innlæringa fyrste året bar etter kvart gode frukter for meg. Eg lærte og innsåg at å vinna fram til integrerte kunnskapar har *arbeid* som føresetnad. Eg vil meina at realskulen gav oss solide basis-kunnskapar - ei verdfull allmennda-

ning. Samstundes treivst me med skulen og arbeidet. Det var ingen av oss som spurde *kvifor* me skulle ha det og det faget, eller læra dei og dei emna. Eit par mannsaldrar seinare har *det spørsmålet* visst opptekte skuletrøyte elevvar meir enn verdien av å kunna noko. Men tidene skifter ---

Ikkje tilgang på utstyr og arbeidsreiskapar

Det var ikkje så få problem eg kom bort i dei fyrste dagane på realskulen. Eg trong skuleveske, men den slags var ikkje å få kjøpt. Heller ikkje kunne det brukast "rubesekk" på ryggen som eg hadde gjort på folkeskulen, for då ville eg bli til spott og spe. Men så fekk mor mi låna ei gamal, sliten skuleveske av skinn som Torleiv Skjerli og syskena hans hadde brukt i årevis. Så kunne eg ha skuleveske i handa som dei andre. I slutten av krigen kom det endeleg skulevesker laga av ein slags voksduk i handelen, og eg kjøpte meg slik ei.

Til utstyret for matematikkundervisninga høyrde linjal, vinkel og passsar. Dei to fyrste reiskapane var av tre og å få kjøpt, men ikkje passsar. Igjen måtte eg prøva lånevegen. Det tyktest vera få i Kvinesdal som hadde ein slik kosteleg reiskap. Men så møtte eg tilfeldigvis Oskar Aase då eg var på veg til Dyrli ein laurdags ettermiddag. Han spurte korleis det gjekk på skulen, og eg fortalte litt. Mellom anna nemnde eg problemet med å få tak i ein passsar.

"Du kan få låna min", sa han til mi forundring, og fortalte at han hadde gått på teknisk skule i Grimstad og hadde liggjande eit heilt teiknebestikk. Og så var også den suta borte.

Men det største problemet då eg tok til på realskulen, var hybel og middagsmat. Her såg det lenge så svart ut at heile skulegangen min stod på spel.

Hybelproblemet

Det sa seg sjølv at eg kunne ikkje gå heim til Dyrli frå Neset etter skuletid, for det tok mest to timar *ein* veg. Rett nok var det bilveg frå Åse og til dals (fire km), men med jamn stigning frå Fidjan og oppover, slik at sykkel berre kunne brukast ned frå Åse. Eg hadde ikkje sykkel og heller ikkje var ein ny eller brukt å oppdriva.

Men hybel var vanskeleg å få tak i, ikkje minst fordi elevvar frå Fjotland herad også søkte etter husvere i og omkring Neset. Farbror min, Andreas Londal, som budde på Åmot, åtte eige hus, men hadde leigebruarar og derfor ingen ledige rom.

Til slutt fekk eg lovnad på eit sidekammers i huset til Malla Håland. Ho var frå Dyrstad, noko i slekt med oss på morsida, ei myndig eldre kvinne som var enkje. Størsteparten av huset sitt under Hellaren hadde ho leigd ut. Men det var eit problem med sidekammerset. Utgangen frå dette gjekk gjennom stova hennar, og der hadde ho senga si. Eg måtte derfor vera på plass i kammerset før ho gjekk til

sengs og venta om morgonen til dess ho hadde rise opp. Men Malla sat lenge oppe om kveldane med handarbeid og var på beina tidleg om morgonen. Ordninga var såleis til å leva med. Avtalen var at eg skulle få bu hos henne til eg fann noko betre. Ho sa seg elles viljug til å koka kaffi (dvs på kaffierstatning) til meg om morgonen medan eg sjølv sytte for brødmaten. Leiga var særers rimeleg, 30 kroner månaden. Det same var skulepengane på realskulen.

Her heldt eg då til dei fyrste vekene av skuleåret 1943-44. Det var ingen av kafeane i Neset som serverte middag bortsett frå Rafoss Hotel, men der hadde eg langt frå råd til å kjøpa middagsmat. Farbror Andreas let meg koma til Åmot og eta middag hos han dei fyrste fem vekedagane etter skuletid. Laurdag etter at skulen var slutt, gjekk eg rett frå skulen til Dyrli, og vende så attende sundags kveld.

Men etter nokre veker fekk eg tilbod om å dela hybel med ein gut frå Fjotland, Andreas Spillebrok. Han budde inne på Vollan (Åmot) hos Sara Husefjell, ei eldre enkje, som leigde halvparten av eit hus Seval Åmot åtte der. Ho disponerte ei stor stove, kjøkken og eit loftsrom med omn, dessutan ei stor vedskal og kjellarrom. Denne hausten hadde ho leigd ut loftsromet til førnemnde Andreas. Tønnes Helle budde i lag med han. Denne tok til i fyrste klasse saman med meg, men fann seg ikkje til rette i det nye miljøet og slut-

ta derfor i oktober. Då fekk eg tilbod om å overta plassen hans, og det ville eg meir enn gjerne. Sara hadde også teke på seg å koka for dei to hybelbuarane, og dermed var problemet med middag løyst for meg. Det hørde med til leigeavtalen at me skulle sjølv skaffa råstoffet: poteter, kjøt, fisk mv, dessutan brenneved og stå føre oppvarminga av loftsromet. I svala stod det derfor tre vedlag med turr famneved av bjørk, eit til kvar av oss inkludert Sara.

Andreas og eg avtalte å fyra opp etter skuletid kvar sin dag og halda ved til omnen fram mot leggetid, og denne ordninga fungerte greitt heile fyringssesongen. Far min kjørte ned det eg trong av famneved frå Dyrli på vinterføre. Ein gong han var undervegs med nokre vedsekkar på sleden, møtte han uventa NS-lensmann Hansen i Gusekleiva (det var lettare å kjøra ned til sjøen og over åna, og så fylgja landevegen oppover dalen). Lensmannen ville ha greie på kva slags lass far min hadde, og han sa det var famneved. Dette trudde visst ikkje representanten for makthavarane, for han trivla med hendene over sekkane og opna til og med ein. Etterpå sa lensmannen at han plikta å føra transportkontroll for å hindra svart-handel.

Det daglege brød

Me to hybelkameratar måtte som nemnt sjølv skaffa både brød- og middagsmat. Når eg var heime i hel-

gane, fekk eg med meg hellekaker, vaflar, smør, turka kjøt (av sau og lam), alt etter kva dei hadde heime. Poteter kjørte far min ned av og til. Litt grønsaker dyrka me i Dyrli, men dei var det oftast ende på før jul. Eg likte det mørke kjøpebrødet bakt med surdeig, tykte det smaka herleg med svart sirup på. Når sirupsglaset var tomt, hadde eg vanleg sukker (lysebrunt roesukker) på skjevane. Ut over hausten brukte eg heimelaga tyttebærsylt også til pålegg, men det varte ikkje så lenge. Ost var sjølv sagt ikkje å oppdriva. Alle desse varene var på kort - eg hadde brødkort, sukkertort, feittkort m.fl. Sirup blei tildelt på ekstramerke av og til, skoty måtte det søkjast om til den lokale forsyningsnemnda. Eg prøvde ein gong å få ekstrakort på brød, men fekk konstant avslag, det var berre for tungarbeidarar. *Kvitt* brød var berre å få for den som hadde lækjarattest for magesår og likn. Rasjonane var små, men eg greidde meg godt fordi eg fekk så mykje matvarer heimanfrå.

Kaffi kokt på erstatning (rasjonert) brukte eg alltid om morgonen, og merkeleg nok sakna eg aldri den ekte kaffien, som ikkje lenger var i handelen. Det var gamal skikk i Kvinesdal å koka på gruta for å spara dyre kaffibauner, og då blei det mykje garvesyre å få i seg, til skade for magen. I så måte var erstatningskaffien betre for helsa. Godt varm og med fløyte i var denne oppkvikkande om morgonen.

Til kveldsmaten brukte eg søt mjølk, som snille grannar let meg få. På andre sida av vegen budde Johannes på Vollan og huslyden hans. Hos dei fekk eg kjøpa 1/2 liter søt mjølk annankvar dag, og Teodor Åmot, som budde attmed Folkets Hus, tildelte meg også 1/2 liter nysila mjølk annankvar dag. Eg trur literprisen var 20 øre. På denne måten disponerte eg ein halv liter søt mjølk til dagen. Dette var eit verdifullt tilskot til kosthaldet mitt. Langt frå alle ungdomar fekk mjølk dagleg desse åra.

Men middagsmat måtte eg ha dagleg, og dessutan kunne eg ikkje ha same menyen dag ut og dag inn. Stort sett laga det seg med råstoffet. Turrfisken var rasjonert og vanskeleg å få tak i, men turka nakkar og øyrebein av skrei (såkalla avskjer) var i fritt sal, og eg kjøpte 5 kg i slengen - det var ein kvote som handelslagsstyrar Mygland fastsette til kvar kunde. Utvatna og kokte var desse nakkane saman med varme poteter og smør ein middagsrett som eg alltid gledde meg til, og åt dugeleg gjorde eg også! Om vinteren kom det kassar med fersk storsild til handelslaget, og då var det berre å trø sild på ein ståltråd, betala og koma seg heim og reinska. Dagen etter stod det steikt storsild på bordet når eg holsvolten kom frå skulen. Til vanleg gjekk det med tre sild då!

Ut på våren kom eit anna urasjonert fiskeprodukt i handelen. Det var "solsild", røykt og lettsalta storsild,

som Sara anten kokte eller steikte, alt etter mitt ynskje. I grunnen treivst eg godt med denne slags middagsmat, kan henda fordi eg sjølv hadde ansvaret for middagsmaten. Noko av det turka og salta kjøtet eg hadde med heimanfrå, gjekk som regel til kjøtsuppe, medan pinnekjøttet alltid blei steikt.

Oskar Gusevik dreiv fiskehandel både under og etter krigen. Han kom gjerne til Neset med fiskebilen like etter skuletid, og då stilte eg opp i køen og sikra meg litt ferskmat. Det kunne vera pir og makrell, kvitling og småsei eller andre fiskeslag, dessutan hadde han alltid krabbe ut over hausten. Vanleg spekesild var også å få kjøpt av og til. Særleg fin var den småfalne nordlandske feitsilda, ho smaka som "fløde", tykte eg

Ferskt kjøt eller pylsa (middags- og morrpylsa) var rasjonert, og slike varer var alltid utselde i dei tre slaktarforretningane når eg gjekk innom. Til slutt gav eg opp å spørja. Men så fekk far min avtale med Andrias Aase, som dreiv den største slaktarforretninga den gongen, at eg skulle få kjøpt litt morrpylsa av og til. Eg gjekk då dit ein gong i månaden eller så, bad om å få tala med Andrias, og fekk då omlag eit halvt kg, slik at eg hadde til eit par middagar. Morrpylsa var velsmakande, men eg let vera å tenkja på kva ho inneheldt!

Eg var i det heile vel tilfreds både med kosthaldet mitt og Sara sin kokekunst, og slapp såleis nærings-

sorger. Elles tok skulearbeidet mykje tid og krefter, for ein to-årig privatdriven realskule var ingen kvileheim for den som ville oppnå anstendige eksamensresultat.

Fagkrinsen i to-årig realskule

Norsk hadde 5 timar i veka fyrste året og seks det andre. Som nemnt skulle me berre ha oppgåver i hovudmålet. Kravet til avgangsprøva var at eksaminanden "skal skriva ein stil av forteljande, skildrande eller lett resonnerande slag ... Undervisningsrådet gjev fleire oppgåver til val", sa undervisningsplanen. Der heitte det vidare at ein ved vurderinga av stilane skulle ta omsyn til den åndelege mogninga hos eksaminanden, kunnskapane hans i emnet, kjennskapen til rettskriving, teiknsetjing og målføring, og evna hans til klår og oversiktleg framstilling. Ein *mtf.* (dvs. ein mykje tilfredsstillande prestasjon) hang høgt - i gjennomsnitt greidde berre 10-15 % av ein normalklasse å oppnå denne karakteren.

Eg treivst med å skriva stil, særleg dei resonnerande. Desse kravde at ein måtte oppsøkje kjelder, leita etter kunnskapar om emnet, og på det grunnlaget skriva ei sjølvstendig utgreiing. Då var folkebiblioteket til stor nytte. Der kunne eg leita fram relevant stoff i fagbøker og så låna dei heim. Av stilleme eg arbeidde med på denne måten, kan nemnast torsken og torskefisket, poteta, elden, skogen vår og skogsdrift. Til eksamen våren 1945 fekk me

mellom dei tre valfrie oppgåvene ei om jernbanene våre, og den var midt i blinken for meg.

Me hadde ei kortfatta lærebok i grammatikk, rettskriving og teiknsetjing, men lærte best å bruka morsmålet gjennom stilskrivinga. Det var alltid spanande å få att stilane, for Høyland brukte god tid på dette arbeidet, han slo ned på grove språkfeil og dårleg målbruk, gav ris og ros på ein humoristisk måte, og let gode stilar bli opplesne av forfattaren. Denne æra inspirerte til meir intenst arbeid med norsk skriftleg, og hadde utan tvil pedagogisk verknad. For meg blei innføringa i god og naturleg nynorsk målbruk av stor verdi og nytte, denne gav eit solid grunnlag som eg sidan har bygd vidare på.

Det munnlege pensum i norsk var eit litteraturutval på 150 sider statarisk lærestoff. Dette blei henta frå tredje bandet av Eitrem's leseverk og skulle dekke alle viktige periodar av norsk bokheim: dikt, prosa, skodespel. Det blei kravd at eksaminanden skulle kunna lesa ein tekst med forstand og ettertanke, forklara ordformer, kunna innhaldet og endeleg også syna kjennskap til dikteren/opphavet. Ei lita boksoge på 50-60 sider gav oss den fyrste innføringa i norsk litteraturhistorie.

Den andre delen av det munnlege pensumet var 100 sider *kursorisk* lesnad, som skulle innehalda minst tredjeparten fagleg stoff og like mykje på sidemålet. For dei fleste av oss ville dette siste seia bokmål.

Nynorsk var hovudmålet, men det var til skade for utviklinga av språkjensla vår at mest alle lærebøkene for dei høgare skulane den gongen var på bokmål.

Det komande hovudspråket i Europa?

Tysk var ein god del meir arbeidskrevjande enn norskfaget, både fordi det tok tid å få tak på det grammatiske systemet, og fordi NS-styret utvida pensum og auka vanskegraden i oppgåvene til skriftleg eksamen. Dessutan fekk me større munnleg pensum også. For tysk ville seinare bli hovudspråket i Europa, og det måtte nordmenn kunna godt dersom me skulle hevda oss i det storgermanske fellesskapet, påstod talsmenn for NS. Dette framtidsperspektivet var inga drivkraft for oss, det me ville oppnå der og då var anstendige karakterar i faget. Utviklinga på Austfronten tydde heller ikkje på at Tyskland ville vinna krigen, tvert imot.

Eksaminanden skulle etter føresegnene kunna lesa og tala tysk med god uttale og skriva ei attforteljing på tysk (eller omsetja ein tekst frå norsk til tysk) til eksamen. Timetalet var seks pr. veke i fyrste klasse, sju i andre.

Undervisninga fylgde ei systematisk oppbygd lærebok med grei progresjon. Til kvart nytt grammatisk fenomen var knytt skriftlege øvingar. Det var avgjerande at ein lærte alt grundig steg for steg, og Kvam brukte nokre gode pedagogiske

Der Choral von Leuthen.

Der Siebenjährige Krieg wurde von Friedrich dem Zweiten gegen die Kaiserin Maria Theresia von Österreich geführt. Er dauerte von 1756 bis 1763. Die Schlacht von Leuthen, die am 5. Dezember 1757 geschlagen wurde, war sehr blutig; sie endete mit einem Siege der Preußen, von denen aber auch viele Tausende den Selbstdod fanden; noch mehr Krieger lagen verwundet auf dem Schlachtfelde. Die dunkle Nacht breitete den Schleier über das blutige Feld. Doch war der Himmel von unzähligen Sternen erleuchtet. Feierliche Stille herrschte auf dem Schlachtfelde. Plötzlich wurde diese Stille durch einen alten Krieger unterbrochen, welcher den Choral ansang: „Nun danket alle Gott!“ Seine Kameraden fielen mit ein, die Nachbarn ebenfalls. Von Korps zu Korps pflanzte sich der Gesang fort; die Feldmusik begleitete ihn, und taufendstimmig stieg es zum Himmel empor: „Nun danket alle Gott!“

knep for at viktige grammatikkreglar skulle sitja som klistra i hovuda våre. Til dei fleste preposisjonsgruppene hadde han ein melodi. For me måtte vita kva preposisjonar det var som berre styrte dativ, kven som styrte både dativ og akkusativ, og kven som berre styrte akkusativ. Kvar av desse gruppene gjekk på sin særskilde melodi, og eg skal seia at me lærte preposisjonane. Det var ein i høgste grad nyttig lærdom. For slike turre fakta var grunnlaget for kunnskap i og for praktisk bruk av tysken.

I tillegg til å læra alle dei grammatiske reglane utanboks måtte me kvar kveld pugga gloser til neste tysktime. Då blei fem seks av oss i slengen sende til tavla for å skriva dei tyske orda etter kvart som læraren sa dei på norsk. Då var det lite kjekt å stå der oppe og ikkje koma på dei tyske glosene.

Etter jul fyrste året tok me også til med å skriva små attforteljingar på tysk, og brukte ein dobbelttime på skulen til det kvar veke. Elles hadde me også kvar veke ei omsetjing heime frå norsk til tysk, det heitte

*Tysk attforteljing våren 1944.
Frå Knudsen og Kristiansen:
Lærebok i tysk. 1940. side 131*

”tyske stiløvinger”. Her auka vanskegraden for kva oppgåve. Men eg lærte mykje tysk av dette arbeidet. Ordboka måtte brukast flittig, for det var stadig ukjende ord i teksten. Det galdt å finna den rette nyansen av ordet, om det var noko spesielt ved bøyinga osv. Og den fyldige Løkkes grammatikk måtte eg ofte rådspørja under omsetjingane. Kvam var noko tradisjonell i tyskundervisninga trass i knepet med å syngja preposisjonane. Når me hadde skriva ei attforteljing og fått produktet retta med karakter for prestasjonen, måtte eit par av elevane skriva av originalen på tavla, og me andre noterte. For til neste tysktimen skulle me kunna attforteljinga utanboks, og det gjekk då ein heil del tid med høyringa. Tanken var truleg at elevane skulle få innprenta eit stilmønster som kom til nytte når dei skreiv nye attforteljingar

Også verdien av attforteljingane er diskutabel. Metoden favoriserer dei som har godt mekanisk minne og delvis kan produsera innhaldet nokonlunde ordrett. Men for den som berre fekk tak i innhaldet, og så måtte byggja opp setningane på eiga hand fordi han ikkje minst ordrett, var ikkje attforteljing den oppgåvetypen som best skilde mellom dei som hadde vunne seg

språkleg innsikt og dei som produserte setningar etter minnet. Etter krigen blei det derfor innført ei ordning som heitte ”Til og frå tysk”. Oppgåva var to-delt. Fyrste halvparten av teksten skulle omsetjast frå tysk til norsk, og siste delen frå norsk til tysk, og til det skulle eksaminanden nytta ut ordtilfanget i den tyske teksten. Men denne oppgåvetypen viser ikkje kor godt eksaminanden oppfattar tysk munnleg, heller ikkje om han kan forma setningar sjølvstendig på tysk.

Ny tysklærer

I andre klassa fekk me ein ny tysklærer, Anne Kristine Lorentzen. Ho var austlending, men budde i Flekkefjord der faren var blitt postmeister like før krigen. Ho var midt i 20-åra, hadde studert filologi i fleire år og teke bifagseksamen i tysk og historie. Nå heldt ho på med norsk hovudfag.

Ho let oss sleppa å pugga tyske attforteljingar, i staden plukka ho ut av teksten tyske seiemåtar, grammatiske konstruksjonar og andre viktige språklege særdrag. Desse lærte me og blei eksaminerte i etter gjennomgåinga. Ho gjorde heller ikkje så stort nummar av ein del språkfeil som Kvam. Dei største språklege syndene me gjorde oss skuldige i, kvalifiserte etter hans mening til nk eller måteleg, det var katastrofekaraktarar. Den som skreiv *Ich habe in Oslo gewesen* (eg har vore i Oslo), fekk minst to raude strekar under *habe*, for det

korrekte er *Ich bin in Oslo gewesen*. Ille var det også å tulla med preposisjonane og adjektivbøyinga.

Under rettleiing av Anne Kristine, som me etter vanleg folkeskikk den gongen kalla ”frøken Lorentzen”, gjorde me gode framsteg i tysk og tysktimane var alltid interessante.

Ho avløyste også Kvam som historielærer, og det var eit godt skifte med tanke på eksamen, for medan han hadde lett for å koma ut på viddene i dette faget, heldt ho seg strengt til dei aktuelle emna. Men dersom eg skal koma med ei innvending mot historieundervisninga i realskulen, vil eg peika på at ho var for lite problemorientert. Å få elevane til å *undrast* over kvifor det og det hende, må også ha plass i undervisninga, ikkje berre vektleggja kva og korleis noko har hendt. For eks. bør læraren ikkje berre gjera elevane kjende med kva som hende i Noreg den 9. april 1940, men også drøfta *kvifor* med dei.

Mange år seinare møtte eg att Anne Kristine Lorentzen. Eg var norsksensor til eksamen artium, og då eg på Blindern skulle helsa på mine to medsensorar, var ho ein av desse. Det blei eit gildt møte, og me friska opp mange minne frå skuleåret 1944-45.

Under den munnlege eksaminasjonen i tysk (og engelsk) skulle eksaminanden syna at han hadde god kjennskap til det statariske stoffet. Men i tillegg måtte han lesa opp og omsetja ein ukjend tekst, den såkalla *ekstemporalprøva*. Det

stod ein viss skrekk av denne. For kva skulle ein gjera når teksten inneheldt ukjende gloser? Me brukte ein del tid i andre klassa til å øva på ukjende tekstar – særleg galdt det å få tak på samanhengen og meiningsinnhaldet i setningane, og då kunne me ofte vri oss frå problemet med dei ukjende glosene. Metoden fungerte dersom berre eksaminanden heldt hovudet kaldt og ikkje gav opp. Då eg sat ved eksamensbordet og las opp ekstemporalen, møtte eg sjølvstøtt fleire gloser eg aldri hadde vore borte i, men ut frå samanhengen greidde eg heldigvis å omsetja teksten utan å stussa noko særleg. I fagplanen stod det uttrykkeleg at ekstemporal-

teksten skulle vera lett. Det var han truleg i mitt tilfelle sidan eg kom frå prøva utan store problem.

Engelsk var mindre arbeidskrevjande

Opplæringa i engelsk fall lettare for dei fleste av oss enn tysk, men faget hadde langt frå den same tyngde eller prestisje. Her var ikkje innfløkte bøyingsmønster med ein vrimmel av reglar og unntak frå reglane att. I alle fall tykte dei fleste av oss at engelskleksjonane fall lettare å arbeida med og halda klare liner i, endå god uttale kravde mykje drill, dessutan måtte glosene og bøyinga av dei uregelrette verba puggast. Kva dag måtte som i tysk-timen nokre av oss fram til tavla og skriva opp gloser og verb som var heimeleksa. Læraren kommanderte: Per skriv *ei reise*, Oddbjørg *åndsnærvere*, Samuel bøyer verbet *to do*, osv. Mest streva me elles med å øva inn spesielle engelske ord og uttrykkmåtar som er ulike dei norske. Like eins var det krevjande å setja seg inn i bruken av dei engelske preposisjonane. Men dei engelske attforteljingane var lette, og faren for å ikkje få med poenget i desse var liten. Kvar tekst blei lesen opp to gonger, og så var det å skriva ned ein kladd i full fart for å få med så mykje som mogleg av inn-

haldet ordrett. Etterpå skreiv me ein utførleg kladd og saumfor denne språkleg. Til sist var det innføring og levering. Til dette arbeidet hadde me ein dobbelttime kvar veke frå vårsemesteret i fyrste klassa.

Det fall også lettare med dei munnlege øvingane i engelsk, for me slapp å tenkja så intenst på ordlegging og bøyingsformer som i tysk med det rike formverket. Kravet var meir å tala språkleg og grammatisk korrekt enn å bli forstått.

Rekning og matematikk var like omfattande og arbeidskrevjande som språkfaga. Undervisninga i algebra og geometri bygde på grunnlaget frå folkeskulen, men dei fleste av oss tykte likevel det var ei framand verd me fekk innføring i. Her tenkjer eg bl.a. på negative tal, likningar med ein og to ukjende, formlar, bokstavar i staden for tal, geometriske figurar, vinklar, kongruens, konstruksjonar m.v. Det blei ikkje så lite å streva med, og verst var at i dette faget kunne ein stakkar lett stryka. Eg forstod ikkje den gongen nytta av den matematiske lærdomen me kava med, men seinare har eg vore glad for den allmennkunnskapen dette faget gav meg. Ein gong etter at me hadde

lært om negative tal og diskuterte vitsen med å læra om dei, stod ein av medelevarane mine og tenkte lenge, og så sa han: "Men minus 1000 er det same som å ha 1000 kroner i gjeld!". Altså var dette ein nyttig og livsnær kunnskap likevel.

Eg greidde aldri å få skikkeleg interesse for dette faget, korkje på realskulen eller seinare i gymnaset (gjekk på engelsklina). Det var eg ikkje åleine om. Men eitt unntak bør nemnast. Eg likte godt oppbygginga av dei matematiske bevisa - dvs. ut frå fastlagde premissar (aksiom) å koma fram til korrekt konklusjon ved deduksjon (gå frå det allmenne til

— 164 —

§ 44. Avvikende Verb. (Irregular verbs).

Present.	Imperfektum.	Perfektum partisipp.
arise (<i>'arəiz</i>) oppstå	arose (<i>'rəʊz</i>)	arisen (<i>'rɪzn</i>)
awake (<i>'weɪk</i>) vekke, våkne	awoke (<i>'wəʊk</i>)	awaked (<i>'weɪkt</i>)
bear (<i>beə</i>) bære; føde	bore (<i>bɔː</i>)	borne (<i>'bɔːn</i>) båret born (<i>'bɔːn</i>) født
beat (<i>biː</i>) slå	beat (<i>biːt</i>)	beaten, beat
begin (<i>bɪ'ɡɪn</i>) begynne	began (<i>bɪ'ɡæn</i>)	begun (<i>bɪ'ɡʌn</i>)
bend bøye	bent	bent
bid by, betale	bade (<i>'bæd</i>), bid	bidden, bid
bind (<i>baɪnd</i>) binde	bound (<i>'baʊnd</i>)	bound
bite (<i>baɪt</i>) bite	bit	bit, bitten
bleed (<i>bliːd</i>) bli	bled	bled
blow (<i>bləʊ</i>) blåse	blew (<i>'bliː</i>)	blown (<i>'bləʊn</i>)
break (<i>breɪk</i>) brette, bryte	broke (<i>'brəʊk</i>)	broken (<i>'brəʊkən</i>)
breed (<i>brɪd</i>) avle; oppdra	bred	bred
bring bringe	brought (<i>'brɔːt</i>)	brought
build (<i>biːld</i>) bygge	built (<i>'biːlt</i>)	built
burn (<i>bɜːn</i>) brenne	burnt, burned (<i>'bɜːnt</i>)	burnt, burned
burst (<i>bɜːst</i>) breste	burst	burst
buy (<i>baɪ</i>) kjøpe	bought (<i>'bɔːt</i>)	bought
cast (<i>kɑːst</i>) kaste	cast	cast
catch (<i>kæʃ</i>) fange; gripe	caught (<i>'kɔːt</i>)	caught
choose (<i>'tʃuːz</i>) velge	chose (<i>'tʃəʊz</i>)	chosen (<i>'tʃɔːzn</i>)
cleave (<i>'kliːv</i>) kloyve	cleft	cleft
cling klynge seg	clung (<i>'klɒŋ</i>)	clung
come (<i>'kʌm</i>) komme	came (<i>'keɪm</i>)	come (<i>'kʌm</i>)
cost (<i>kɔːst</i>) koste	cost	cost
creep (<i>'kriːp</i>) krype	crept	crept
cut (<i>kʌt</i>) hogge, skjære	cut	cut
deal (<i>diːl</i>) handle[klippinge]	dealt (<i>'dɔːlt</i>)	dealt
dig grave	dug (<i>'dʌg</i>)	dug
do (<i>də</i>) gjøre	did	done (<i>'dʌn</i>)
draw (<i>dɹɔː</i>) dra; tegne	drew (<i>'druː</i>)	drawn (<i>'drɔːn</i>)
dream (<i>drɪːm</i>) drømme	dreamt (<i>'driːmt</i>)	dreamt
drink drikke	drank (<i>'drɒŋk</i>)	drunk (<i>'drʌŋk</i>)
drive (<i>draɪv</i>) drive; kjøre	drove (<i>'drəʊv</i>)	driven (<i>'driːvn</i>)

Engelske uregelrette verb, oppsett alfabetisk, fyrste side av fire. Frå K. Brekke: *Lærebok i engelsk 1939, side 164*

Den pytagoreiske læresetninga og oppbygginga av beviset for at denne er sann.

Frå sidene 192-193 i Søgaard og Tams Lyche: *Matematikk for den høgre skolen I. 1939*




Fig. 152.

På fig. 152 er ABC en rettvinklet trekant. På hypotenusen AB har vi tegnet et kvadrat ADEB. Så har vi trukket EF \perp AC, DI \perp AC, DH \perp EF, BG \perp EF. Vi får da tre nye rettvinklede trekanter, $\triangle EBG$, $\triangle DAI$ og $\triangle DEH$, som alle er kongruente med $\triangle ABC$. For de har alle fire like lange hypotener. Og de samsvarende beina til de spisse vinklne er enten parallelle, eller de står vinkelrett på hverandre. Men etter dette må CFGB være et kvadrat. For vinklne er rette, og BG = BC som ensliggende sider i kongruente trekanter. På samme vis ser vi at FIDH er et kvadrat med side så lang som AC. Ser du på figuren CIDHGB, så er den satt sammen av de to kvadratene som har katetene til sider. Men den er også satt sammen av det hvite partiet og de to prikkede trekantene. Ser du isteden på kvadratet ADEB, så er det satt sammen av det hvite partiet og de strekede trekantene. Men de to strekede trekantene var jo kongruente med de to prikkede. Og derfor er kvadratet ADEB så stort som kvadratene BCFG og FIDH tilsammen.

I en rettvinklet trekant er kvadratet på hypotenusen så stort som kvadratene på katetene tilsammen.

Denne setningen kaller vi den pytagoreiske læresetningen etter den greske matematiker og filosof Pytagoras (omtr. 500 f. Kr.).

Er lengdetaletene på sidene i en rettvinklet trekant a, b og c, slik at c er lengdetalet på hypotenusen, så har vi

$$c^2 = a^2 + b^2.$$

Denne likningen setter oss i stand til å regne ut én side i en rettvinklet trekant ifall vi kjenner de to andre.

Oppgave 459. I en rettvinklet trekant er katetene 6 cm og 8 cm. Finn lengden av hypotenusen. Konstruer trekanten, og se at det passer.




Fig. 154.

18. En husmor har under rasjoneringen valget mellom å få kjøpt 250 g brød eller 200 g mel pr. dag til hvert medlem av familien. Hun velger å kjøpe mel, og baker herav brød som inneholder 5 vektdelel mel, 2 vektdelel poteter og 2 vektdelel vann.

Hvor mange kg må hun ta av mel, poteter og vann for å få en brøddeig som veier 18 kg?

Hvor mange kg brød får hun av denne deig når den under steking minkar $14\frac{4}{9}\%$ i vekt?

Hvor lenge vil dette brød vare når familien består av 10 medlemmer, hvorav hvert daglig fortærer nettopp så mye brød som det en får av rasjoneringens dagsporsjon av mel?

Hvor mange flere gram brød daglig vil hvert medlem av familien da få enn om hun hadde kjøpt ferdigbakt brød?

Hvis husmoren skulle ha kjøpt brød, måtte hun ha betalt det med kr. 0,35 pr. kg. Hvor mange prosent tjente hun ved å baka selv, når melet koster 32 kr. pr. 100 kg og potetene 14 kr. pr. 100 kg, og den anvendte ved verdsettes til kr. 0,65? (M.eks. 1918.)

det einskilde tilfellet) Den som tykte han hadde utvikla eit logisk oppbygd bevis i ei geometrioppgåve, skreiv gjerne under svaret bokstavane *q.e.d.* dvs. quod erat demonstrandum = "hvilket skulde bevises". Dette var i samsvar med dei klassiske tradisjonane frå latinskulen.

Dei andre faga skal eg berre omtala kort. *Samfunnsrekning* blei innført i fagkrinsen ved lov om høgare skular frå 1935. Realskulen skulle meir enn den gamle middelskulen førebu for det praktiske livet, ikkje som sistnemnde hovudsakleg vera å kvalifisera for opptak i gymnaset.

Pensum inneheldt utrekningar av nedbetalingsratar for banklån, av arveavgifter, produksjonskalkulasjo-

nar med utarbeiding av grafiske figurar og andre oppgåver frå finans- og næringslivet. Ei av oppgåvene til eksamen 1945 gjekk ut på å kalkulera kor mykje ein knottprodusent måtte ta pr. hl knott (småved til gassgeneratorar for bilane i staden for bensin/diesel) når han hadde rekna inn utgiftene til ved, straumbrok, kjøp av elektrisk sag, arbeidsløn m.v. og skulle ha ei rimeleg dagløn sjølv. Vidare var det spørsmål om kor mykje han kunne setja ned prisen pr. hl. dersom han auka produksjonen så og så mykje og fekk seld denne. Oppgåva var aktuell og nyttig i 1945, men vel ikkje seinare. Samfunnsfag var skriftleg, men talde på eksamensvitnemålet som munnleg, einverdig

Eksempel på oppgåve i samfunnsregning. Frå O. H. Jensenius: Samfunnsregning. Oslo 1941

fag. Ein mtf. gav 3 poeng, medan han for dei toverdige faga (alle dei skriftlege) gav 6.

Teikning var eit lite, einverdig fag med to veketimar fyrste året. Det var sakteikning me dreiv med, i svartkvitt. På pultane hadde me modellar til å teikna etter, og det galdt å få rett perspektiv og korrekte forhold mellom lengd, breidd og høgde. Teikninga skulle til sist skyggeleggjast. Me teikna flasker, penal, blekkhus og andre ting som var lette å få tak i. Til eksamen våren 1944 var oppgåva å teikna ein fyrstikkpakke. På eksamensdagen kom læraren, Olav Høyland sen. med ein heil papirsekk fyrstikkpakkar som han hadde lånt på Handelslaget. Eksaminandane måtte ikkje få greie på oppgåva før eksamensmorgonen, for elles kunne dei tjuvtrena. Det var eit par lærarar i Flekkefjord som sensurerte produkta våre. Dei sette høge krav. Så vidt eg minnest var det berre to- tre av oss som fekk mtf, resten tf. eller nk.tf. Ingen strauk. Året før hadde ingen fenge mtf, og då klaga Høyland på sensuren, men berre ein einaste eksaminand oppnådde betre karakter.

Naturfaga var *fysikk*, som gjekk over begge åra. *Botanikk* med eit herbarium på 20 plantar gjorde me unna fyrste året, og andre året hadde me *kjemi* med *fysiologi* (helselære). Til kjemien hørde 15 elevøvingar. Me hadde ikkje noko så moderne som naturfagsrom og teknisk apparatur, men læraren Johan Eggen fekk låna ein kasse med

reagensrøyr, glaskolbar og kjemikalium frå folkeskulen i Neset. Så utførte han øvingane oppe på katesterbordet, og me teikna av apparata og skildra heile forsøket i arbeidsboka. Elevaktivitet kunne det ikkje bli under slike tilhøve. Men me lærte pensum og hadde utbytte av dette faget. Særleg var det moro å gå og lesa på formlar. Mest populær var C2 H5OH. Formelen for metanol eller tresprit kunne visst også alle, men den har eg gløymt i dag.

Alt i alt var dagane og ikkje minst kveldane fylte med skulearbeid. Etter middagen – omlag kl. 16 kunne eg ta til med leksearbeidet. Sidan eg budde åleine andre året på Åmot, måtte eg hogga ved og fyra opp i omnen kvar ettermiddag. Så var det å sitja med leksene, berre avbrote av turen etter mjølk like før kveldsmaten. Som regel hadde eg gjort unna leksene til klokka var 10, av og til tidlegare, for leksene var ikkje like mange og tunge kvar dag. Men dersom eg kladda på ein stil, kunne gjerne klokka bli 11 og meir. Det var såleis ikkje mykje tid til uteliv og fritidslesing. Men heilt utan fritid var me realskule-elevane heldigvis ikkje.

Fritid og sosialt liv

Dei religiøse organisasjonene fekk arbeida fritt på lokalplanet under okkupasjonen så sant dei ikkje ope gjekk ut mot NS-styret og ideologiane dette målbar. Den tradisjonelle møteverksemda med basarar, friluftstemne om sommaren og

andre aktivitetar heldt fram som før. Ungdommen i Kvinesdal hadde få eller ingen fritidstilbod desse åra, for det var idrettsstreik landet over, og så vidt eg minnest ikkje filmfram- syningar på Folkets hus dei to siste krigsåra. Men av og til kom den tyske avdelinga på fylkesskulen marsjerande dit om kveldane for å sjå tyske filmar. På vegen song dei så det ljoma etter ordre frå den tyske offiseren som gjekk fremst i troppen. Trur ikkje desse framsyningane var opne for nordmenn.

Offentleg dans var også forbode, og derfor var det anten religiøse møte å gå på eller traska att og fram på Kyrkjevollen i haust- og vintermørket. Gatelysa var sløkte og alle vindaugo forsvarleg blenda.

Vinteren 1944 kom ein ung og attraktiv kvinneleg predikant til Kvinesdal og heldt møte hos pinse- venene i lokalet deira. Då måtte pul- tane våre stuvast inn i Lillesalen på møtekveldane og så setjast på plass att etter møta var slutt.

Me og mange andre ungdomar gjekk ofte dit. Ein del sette seg på dei nedste benkane inne i salen, andre ville heller stå og henga ute i gangen. Den lokale pinseforsam- lingen hadde musikklag, som song og spela livleg og fengjande under møta. Av og til var det ein og annan pinseven som braut ut i "tungetale", eit verbalt innslag i eit uskjøneleg "språk". Dei merkelege orda klang høgt og intenst medan ei spesiell stemning breidde seg gjennom romet. Når vedkomande slutta,

greip ein annan medlem av pinse- forsamlinga ordet og "tolka" det uskjønelege innlegget. Og så gjekk møteprogrammet vidare.

Det blei alltid halde såkalla etter- møte, og då gjekk den unge kvinne- lege predikanten ned i benkane til dei "u-omvende" som sat att og ville få dei til å "bøya seg". Av og til høyr- de me at ein og annan hadde late seg overtyda av hennar sjarm og kontaktskapande evne. Men det leie med desse "omvendingane" var liten stabilitet.

Også på bedehusa i Neset og på Øya braut det ut vekking hausten 1944, og folk i alle aldrar strøymde til. Me hadde derfor fleire alternativ til val.

Når eg tok meg fri frå leksearbei- det, gjekk eg gjerne bort på Kyrkjevollen, møtte skulekameratar, og så enda me mest alltid på møte, anten i bedehusa eller hos pinseve- nene. På bedehusa var det eit stort galleri, og her sat me alltid. Det var ein slags "føregard" der også den som hadde "noge i hove" fekk vera, så sant han heldt seg i ro og tagde still.

I regi av skulen, det vil seia kvar klasse, blei det av og til arrangert elevkveld. Lærarane var med og tok del i programmet. Ragnar Kvam las eit par gonger noveller han hadde skrive sjølv, dei var utan særleg handling, inneheldt mest refleksjon og sjølvransaking – eg tykte dei minna litt om Sigurd Hoels måte å skriva på. Derimot gjorde Johan Eggen, som var frå Lillesand, alltid

lukke når han deklamerte "Krøllane" av Vilhelm Krag: *Eg veit kje noge så forførande, som hengekrøller bag ørane...*

Ein av klassekameratane blei utpeika til å vera redaktør for klasse- avisa, eit innslag på elevkvelden som var obligatorisk på skular for ungdom og elles mykje brukt i ung- domslaga. Eg leverte litt stoff til avisa, men minnest ikkje kva eg skreiv om - ein gong var det visst om Tjodolf frå Kvine.

Det fall på jentene i klassen og dei heimebuande elevane å skaffa mat, og jamen kom dei både med helle- kaker, vaflar og fløytekaker, det heit- te den gongen "blødekage". Etter at samkoma var over, kunne det henda at jenter og gutar - langt frå alle - kom i meir personleg kontakt med kvarandre, bl. a. gjekk heim- over arm i arm. I skuletida var det derimot full nøytralitet, berre fagleg kontakt så vidt eg kjenner til.

Det fanst ein kafè i Neset som var open på dagtid, "hos urmagaren" eller Hansens kafè som denne offi- sielt heitte. Berre Rafoss Hotell ser- verte noko om kveldane – for den som hadde råd. Av og til hende det ein og annan laurdagskveld at eg og nokre skulekameratar gjekk dit og kjøpte smørbrød, skjeva med sursild og løk. Til drikke fekk me då servert kaffi (kokt på kaffi-erstat- ning). Det sure brødet smakte veldig godt med dette pålegget. Men i til- legg til betalinga måtte me ut med eit merke frå brødkorta våre. Det var koseleg å sitja i salongen med

mjuke lenestolar ein kald vinter- kveld.

Siste krigsåret tok nokre av oss gutane til med sporadisk røyking, men sigarettar var vanskeleg å få tak i utan gode kontaktar. Foreldra til ein av klassekameratane mine dreiv kolonialforretning, og då fekk dei ein liten tobakkskvote pr. månad. Han greidde av og til å lura unna ein 10- pakning Cromwell (produsert av tyr- kisk grøn og parfymert tobakk). Også norskavla sigarettar var det stundom råd å få tak i. Dei som dyrka tobakk sjølv, kunne frå 1943 av senda inn turka tobakksblad til Asbjørnsen eller O.P. Moe i Kristian- sand (begge store tobakksprodu- sentar før krigen) og få att røyketobakk og sigarettar. Produksjons- prisen var kr. 2- pr. 50 gram ferdig vare, men på svartebørsen fekk ein gladeleg 50 kroner for ei øskje røy- ketobakk.

Ein laurdagskveld vinteren 1945 gjekk me ein liten gjeng og dreiv att og fram i Neset. Då kom me i snakk med ein annan ungdom, og han gav oss tips om kor me kunne kjøpa sigarettar. Det var ikkje langt unna, og me gjekk dit straks. Ein godt vak- sen og noko skummel kar opna den låste døra og glodde skeptisk på oss. Me fortalde ærendet vårt, og då blei me viste inn i stova. Der stod eit bord fullt av tobakksøskjer og 10- pakningar med sigarettar. Eit par brennevinsflasker såg eg også. Han ville ha 1 krone sigaretten, og me kjøpte kvar sin. Litt merkeleg tykte me det var at han tok opp ein siga-

rettpakke frå lomma si og leverte ut frå denne. Handelen gjekk føre seg utan nokon som helst samtale. Ei tid seinare fekk me vita at alle øskjene han hadde på bordet plus flaskene var tome! Grunnen skulle visstnok vera at dersom lensmannen eller prispolitiet kom på razzia, så ville dei ikkje finna noko å tiltala han for. Dei hadde han nemleg i kikkerten.

Av andre sosiale aktivitetar tek eg med dagsturen vår til Nonskar-knuden (ligg nord for Kleiven) den 17. mai 1943. NS- styret hadde strengt forbode all markering av nasjonaldagen vår. Føre jul 1944 etter tentamen var unnagjort, hadde begge klassane plus den vesle gymnasklassen felles juletreffest i bedehuset med god mat og gang kring juletreet. I februar 1945 var begge klassane på skitur innover Kvinesheia. Det var sol og mengdevis med snø. Eg kan nemna at begge desse krigsvintrane var det mykje frost og snø, frå november til langt ut i april. Vêret heldt seg dessutan stabilt i vekevis, men me brukte mykje ved, som det ikkje skorta på heldigvis.

Motstandskamp, arrestasjonar og krigshandlingar

Det blei bygd opp ei lokal motstands-rørsle i Kvinesdal, men det hadde ingen av oss realskuleelevar aning om. "Flekkefjordsposten" offentliggjorde av og til tyske meldingar om avretta nordmenn og namn på andre som var dømde til lange fengselstraffer. Etter kvart blei ein del

kvindølar arresterte, og rykta gjekk om mishandling og tortur. Mest blei dei ille medfarne som sat på Arkivet i Kristiansand. Ein kjend mann frå Eiken skulle ha blitt pint i hel der og send heim i ei zinkkiste med loket sveisa fast og strengt påbod om at ingen måtte bryta opp loket.

Men heilt til ut på hausten 1944 gjekk livet ved skulen vår utan alvorlege hendingar. Men då me ein morgen møtte fram til fyrste timen, kom ein nedtrykt Johan Eggen og fortalde at Ragnar Kvam var arrestert om natta. Like etter kom det ut at dr.Thurn, distriktslægen vår, også var arrestert samtidig. Fleire ungdommar blei litt seinare tekne som gislar. Dei hadde slektningar som hadde rømt frå landet.

Det rådde ei trist og noko uhyggelig stemning på skulen denne dagen.

Men lærarane gav ikkje opp. Dei heldt krisemøte og fann ut korleis skulen kunne drivast vidare. Dei meinte det var mest viktig at andreklassen fekk ta eksamen til våren som planlagt. Olav Høyland senior tok over historietimane i vår klasse og Anne Kristine Lorentzen engelsken. Også for fyrste klassen blei det funne ei brukande ordning. Men det var sett i gang en liten gymnas-klasser denne hausten, og der hadde Kvam engelsk og fransk. Anne Kristine tok også på seg den undervisninga. Ho fekk dermed mest to fulle undervisningsstillingar. Heldigvis fekk ho avlastning kring 1. desember.

Olav Høyland junior hadde teke til å studera hausten 1943, men så blei universitetet stengd og studentane sette fast. Mesteparten hamna i Tyskland, men ei mindre gruppe blei internert på Grini. Her hadde dei illegal undervisning i førebuaende prøver, og Olav var mellom dei studentane som tok eksamen i desse faga der. Men så fann tyskarane på at dei skulle sleppa fri denne gruppa. Dermed kunne Olav avlasta lærarane ved realskulen og gymnasklassen. I min klasse tok han over engelskundervisninga, og me hadde han resten av skuleåret. Dermed var lærarsituasjonen vår normal att.

Eg trur det var våren eller sommaren 1944 at ein del kjente bygdefolk blei pålagde å gå "borgarvakt" om nettene på stader der sabotørar kunne slå til. Bl. a. måtte tre-fire mann stå på vakt ved Farbruna, og så vidt eg minnest også ved Åmotsbruna og oljedepotet under Kleven. I røynda var desse personane gislar som ville få svi dersom heimefrontsfolk eller sabotasjegrupper frå England skulle slå til.

Eg budde på Åmot under begge bombetokta mot Knaben gruver, men dei låg så langt borte at eg kørkje hørde skyting eller sprenging. Det gjorde me derimot i april 1945. Då gjekk engelske fly laus på ein konvoy som gøymde seg attmed land inst i Fedefjorden. Ein liten tysk kanonbåt låg ved kai i Lerviga og blei søkkt der. Krigsskipa som eskorterte konvoien la ein tett sper-

re-eld i luftrommet over det indre området av fjorden, og eg sprang ut på tunet og såg på korleis granatane eksploderte som små skydottar medan det larma og brumma som om domedag var nær. Splinter og granathylser frå maskinkanonane regna ned over eit stort område, men ingen blei råka eller skadde bortsett frå at mange av dei tyskarane som oppheldt seg på kanonbåten og kaien i Lerviga. Han blei søkkt og låg der til lenge etter krigen med kjølen i vêret. Også den store lagerbua brann ned til grunnen. Me opplevde såleis krigshandlingar i Kvinesdal og mange blei oppskaka. Korleis ville det gå med oss dersom ein invasjon stod for døra? Nå visste me at krigen gjekk mot slutten.

Då freden braut laus – "so er skjedd skifte i skipnaden inne".

Laurdagskvelden den 5. mai sat eg under ein godt avgøymd hellar i utmarka mellom Dyrli og Skjerli og lytta til radiosendinga frå BBC. Då kom meldinga om at dei tyske herstyrkane på Kontinentet og i Danmark hadde kapitulert, men ikkje i Noreg. Der stod det mest 400 000 mann under våpen. Spørsmålet var nå om dei ville gje opp eller gjera motstand.

Eg drog likevel som vanleg til hybelen på Åmot sundagskvelden, og måndagen gjekk utan at det hende noko uvanleg. Men om kvelden (7.mai) var eg ein liten tur borte i Neset, og på vegen attende såg eg at det var pynta med små norske



Huset til Harald Hunsbedt

Foto: Johannes Hamre.

flagg utanfor eit hus og hørde radiomusikk. Eg skjøna at noko viktig måtte ha hendt. Neste morgon gjekk eg til skulen i vanleg tid. Me andreåringar hadde klasserom hos Harald Hunsbedt under Hellaråsen. Der disponerte realskulen to stover som var slegne saman til eitt rom. Her sat 30 elevar stuva saman på tremanns-pultar.

Alle elevane var på plass då Olav Høyland senior kom inn (me skulle ha norsk) og stilte seg ved kateterbordet. "Nå skal krigen vera slutt har eg høyrte frå påliteleg hald." Så siter-te han nokre liner frå "Haraldshaugen" av Ivar Aasen: *So er skjedd skifte, i skipnaden inne, som i kolmyrke koven, når kola er tendra*".

Nå såg me folk koma gåande frå

alle kantar med kurs mot Kyrkjevollen, og flagg etter flagg blei heist. Johan Eggen var fungerande styrar dette året, og han kom innom og gav oss fri. Heile klassen skunda seg ned i Neset under lått og leven. Me hadde alle ei kjensle av at noko tungt og knugande var borte - livet skulle atter bli normalt. Vårdagen var så fin, solfylt og varm, med grønkannde lauv i liene.

